



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale - høyring reguleringsplan - Sykkylven - detaljregulering - Åsgården BU2

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Detaljregulering Åsgården, BU2 er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn. Føremålet med plana er å legge til rette for frittliggande og konsentrerte bustader med tilhøyrande uteopphaldsareal og leikeplass på eigedom 7/25 ved Åsgården. Området er avsett til bustad i kommunedelplan for Sentrum-Ikornes.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Barn og unge

I plankartet er det satt av ein snarveg med føremål friområde i utkanten av planområdet, som fungerer som tilkomst mellom bustadområda og leikeplassen. I planomtalen står det at det skal etablerast ytterlegare ein snarveg til som skal ligge meir midt i planområdet. Dette er etter vår vurdering viktig å få til og vil gje betre kontakt mellom bustadområda i øvre og nedre felt av planområdet og leikearealet som ligg midt i feltet. Snarvegen bør difor sikrast i plankartet.

I kapittel 4.11 i planomtalen går det fram at det er usikkert om det er mogleg å oppnå tilfredsstillande stigningsforhold med omsyn til universell utforming på snarvegen. Om det ikkje er mogleg å få til, skal det vere tillate med stigning inntil 1:10 eller trapp.

Universell utforming i planlegging skal gje løysingar som er funksjonelle og brukbare for alle. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging er utforma for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Retningslinjene skal sikre at alle barn har tilgang til trygge og aktivitetsfremmande miljø. Dette inkluderer tilkomst til leikeareal som er universelt utforma, slik at alle barn uansett funksjonsevne kan nytte dei.

Vi ber om at tilkomst til leikeareala innafør planområdet blir sikra med tilfredsstillande stigning for universell utforming i reguleringsplanen. Vi fremmer **motsegn** inntil dette er sikra i plana, jf. plan og bygningslova § 5-4 fjerde ledd.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
REGION VEST

Postboks 2500 6404 MOLDE
Naustdalsvegen 6800 FØRDE
1B



Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref: 23/264	Dykkar dato: 21.11.2024	Vår ref: 24/40540 - 24/171310	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 15.01.2025
--------------------	-------------------------	-------------------------------	--	------------------

Sykkylven kommune - reguleringsplan - detaljregulering Åsgarden, BU2 - uttale til offentlig ettersyn

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld detaljregulering Åsgarden, BU2 som er lagt ut til 1.gongs høyring og offentlig ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

I planbeskrivinga sitt pkt. 2.5 Statlege retningslinjer/rammer/føringar så kan ein erstatte Statlege planretningslinjer for klima og energi og klimatilpassing (2018) og Statlege

planretningslinjer for samordna bustad- og transportplanlegging (2014) med Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2024) og Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024).

Samferdsel

Vi er kjent med at det er fleire utfordringar i krysset mellom fv. 60 og Grebstadvegen og har fått fleire hendvingingar knytt til forholda her. Trafikk som skal mot Aursneset nyttar gang og sykkelveg og busslomme for å komme seg inn på vegen, grunnet kø i Grebstadvegen. Dette kjem av trafikk frå ferja og høg ÅDT. Auka utbygging vil ikkje gjere disse utfordringane mindre og vi er derfor skeptiske til at det blir satt meir trafikk på krysset. Kryssing til sørleg haldeplass er også problematisk. Her er det ikkje tilrettelagt for kryssing, med unntak av undergongen lengre aust som er i dårleg forfatning og har dårleg tilkomst.

Kommunen må sjå på kva for avbøtande tiltak som vil vere naudsynte før å sørgje for at planforslaget ikkje forverrar dei trafikale utfordringane. Eventuelle avbøtande tiltak må sikrast gjennom rekkefølgekrav.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer at planområdet til detaljreguleringsplan for Åsgarden, BU2 til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå bronsealder-jernalder, som ligg skjult under markoverflata. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML). Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege plana eventuelt kan godkjennast.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagt budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimum budsjett, det kan tenkast at registreringa tar kortare tid og da vil kostnadene bli tilsvarande mindre. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Det vil i deler av planområdet vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnadar til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette, då det vil bli rimeligare for tiltakshavar. Gravemaskina bør helst vere 8-10 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,0 meter breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reperasjon av gjerder, vegar og dreneringsgrøfter er tiltakshavar sitt ansvar dersom ikkje anna er avtalt.

Ved arbeid på og langs veg viser vi til Handbok N301, og føringane kring varsling og sikring. Det må på førehand vere avklart ansvarsfordeling i samband med rutinane kring arbeidsvarsling og

risikovurdering. Vi gjer merksam på at maskinførarar må ha bevis for gjennomført Arbeidsvarslingskurs 1 for arbeid på og ved veg.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det være ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år.

Barn og unge

Barn og unge har ei viktig rolle i planlegginga, og Møre og Romsdal fylkeskommune legg vekt på at det er tilstrekkeleg lagt til rette, og tilstrekkeleg dokumentert i planen kor tilhøva for barn og unge er sikra.

I planforslaget blir det lagt opp til eit stort felles leik- og uteopphaldsareal, og i planomtalen kjem det fram at tiltakshavar ønskjer å sikre god tilgjenge til området med å legge opp til grønne forbindelsar. Forslaget følg ikkje opp kravet som er sett i føringane i kommuneplanen sin arealdel der ein har sett minimum 50 kvm per eining til leikeplass, i planforslaget er det sett av 48 kvm. Tiltakshavar vil kompensere med dette ved å stille høgare krav til innhald på leikearealet.

I føresegnene i kommunen sin arealdel er det også sett som krav at det er ein gangavstand på 50 meter til næraste leikeplass. Sjølv med grønne forbindelsar vil ikkje alle bustadane i planområdet ha 50 meter til nærleikeplassen ut frå målingar vi gjer i kart. Det er ikkje store avvika, men vi vel å kommentere det likevel. Vi kan ikkje sjå at dei grønne forbindelsane er sikra i plankart eller føresegn. Kommunen må stille krav om dette for å sikre at alle bustadane nærmar seg kravet i arealdelens føresegn pkt. 2.2.2. Krav til uteareal.

Vi vil ha **motsegn** til eit planforslag som ikkje sikrar dei grønne forbindelsane mellom bustader og leikeplass i plankart og føresegn, jamfør [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#).

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om arkeologisk registrering jamfør § 9 i Kulturminnelova.

Vi vil ha **motsegn** til eit planforslag som ikkje sikrar dei grønne forbindelsane mellom bustader og leikeplass i plankart og føresegn, jamfør Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Sjå elles merknader ovanfor.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Vedlegg:

§ 9 budsjett - reguleringsplan Åsgarden, BU2- Sykkylven
AKSEPTSKJEMA MRFYLKE ARKEOLOGI - Reguleringsplan Åsgarden BU2 - Sykkylven

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42

Automatisk freda kulturminne: Guro Dehli Sanden, tlf. 71 28 03 26

Budsjett arkeologisk registrering

Møre og Romsdal fylkeskommune

Saksnr.	24/40540	Saksbeh.:	Guro Dehli Sanden
Prosjektnr.		Dato:	19.12.2024
Sted/ gård, kommune	Reguleringsplan - Åsgarden, BU2 - Sykkylven kommune		
Tiltakshaver			
Adresse			

LØNNSKOSTNADER				sos.utg.		
<i>timekostnader</i>	timer	à kr	direkte lønn		47 %	sum
Forarbeid	7,5	kr 380,00	kr 2 850	kr 1 340	kr	4 190
<i>Delsum</i>	8		kr 2 850	kr 1 340	kr	4 190
Feltarbeid	90	kr 380,00	kr 34 200	kr 16 074	kr	50 274
<i>Delsum</i>	90		kr 34 200	kr 16 074	kr	50 274
Etterarbeid	75	kr 380,00	kr 28 500	kr 13 395	kr	41 895
<i>Delsum</i>	75		kr 28 500	kr 13 395	kr	41 895
Sum lønnskostnader	173		kr 65 550	kr 30 809	kr	96 359

Indirekte kostnader 60 % av timekostnader **kr 57 815**

DRIFTSKOSTNADER		antall	à kr		
Kost	12	kr 940,00		kr	11 280
Losji	12	kr 1 800,00		kr	21 600
Reiseutlegg					
Leiebil el. tilsvarende	800	per døgn		kr	9 600
Sum reise, kost og losji				kr	42 480
Forbruksmateriell og utstyr		(10 %)		kr	15 417
Sum driftskostnader				kr	57 897

KJØP AV TJENESTER			
Gravemaskin			
Annet teknisk utstyr			
<i>Delsum</i>			
Naturvitenskapelige analyser			
14C	7700	per prøve	kr 30 800
annet		Andre vitskaplege prøver og treart pr. prøve 1800	kr 15 000
<i>Delsum naturvitenskap</i>			kr 45 800
Andre konsulenttjenster			
Sum kjøp av tjenester			kr 45 800

Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)
 Universitetsmuseet i Bergen 10 % kr 9 636

SUM BUDSJETT (maksimum) **kr 267 507**

Akseptskjema

Arkeologisk registrering i samband med; Reguleringsplan Åsgarden, BU2 i Sykkylven kommune

Alle punkt i kategori A må vere aksepterte for at registreringa vert satt i bestilling. Vi rår elles til at ein vurderer kategori B

A	Tiltakshavar godtek fylgjande: (sett kryss)
1. Vedlagt budsjett vert akseptert	
2. Tiltakshavar varslar fylkeskommunen ved eventuelle endringar i planen/tiltaket	
3. Tiltakshavar varslar grunneigar(ar) og eventuelle forpaktarar om registreringa	
4. Ved behov for vatn/vassdunkar og vasslange til solding, legg tiltakshavar til rette for dette	
5. Ved maskinell sjakting med gravemaskin	
a. Tiltakshavar skaffar gravemaskin med førar og sørger for gravemelding i god tid før oppstart, (<i>dersom det er informert om dette i fråsegna til fylkeskommunen</i>)	
b. Tiltakshavar tek ansvar for innhenting/oversikt av kablar og leidningar i undergrunnen. Eventuelt påvising ved behov.	
c. Tiltakshavar tar ansvar for att-legging og tilsåing av sjakter etter registreringa er fullført, og fylkeskommunen har gitt beskjed om at dette kan gjerast	
d. Tiltakshavar skaffar entreprenør/gravemaskinfører som har nødvendig kompetanse for graving av prøvegroper dypere enn 125 cm, slik den nye graveforskrifta krev	
6. Tiltakshavar tek ansvar for eventuelle følgjeskadar ved registreringa	

B	Tiltakshavar godtek fylgjande:
Fylkeskommunen kan formidle arkeologiske funn som vert gjort innanfor planområde fortløpande, enten gjennom digitale media, skulebesøk eller andre kanalar. (<i>Vert ikkje belasta tiltakshavar</i>)	
Tiltakshavar skaffar arbeidsbrakke med toalett dersom dette er naudsynt og vert førespurt av fylkeskommunen.	

Tiltakshavar (fakturamottakar)

Namn:

Adresse:

Organisasjonsnummer/personnummer:

E-post:

Dato

Signatur

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 03.01.2025

Vår ref.: 202305108-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 23/264 - 18 / ARIRIN

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE si generelle tilbakemelding til offentleg ettersyn av framlegg til detaljregulering for Åsgarden BU2 - Planid 15282023002 i Sykkylven kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 21.11.2024.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).



De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyningar.

Meld inn faresoner

Alle nye naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 er pliktig å bli melde inn til NVE i samsvar med [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Frist for å melde inn er 3 månader etter at rapport er godkjend av uavhengig kvalitetssikrar eller oppdragsgjevar. Det som blir meldt inn vil bli teknisk gjennomgått av NVE, som deretter oppdaterer den offentlege kartdatabasen. NVE gjennomfører ingen fagleg kontroll eller vurdering av det som blir meldt inn før det blir lagt ut. Vi ynskjer framleis å få inn naturfareutgreiingar bestilt før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune



Statens vegvesen

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
23/49099-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.01.2025

Uttale til detaljregulering Åsgarden, BU2 – Sykkylven kommune

Vi viser til brev av 21.11.2024.

Saken gjeld

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for frittliggende og konsentrert bustadutbygging.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Vår vurdering

Planområdet er ei utviding av eksisterande bustadskonsentrasjon nært sentrumsområdet Aure og ferjesambandet mot Ålesund. Det er fortau langs Åsvegen som knytt bustadfeltet til det overordna gang- og sykkelvegnettet inn mot sentrumsfunksjonane i sentrumsområdet og ferjekaia. Med ei tosidig utbygging langs Åsvegen, rår vi likevel til at ein ser nærmare på om ein bør etablere tosidig fortau slik at også bustadane innanfor planområdet har eit tilbod og ein kan i større grad legge opp til godt plasserte kryssingspunkt over vegen.

Når det gjeld trafikkavvikling er situasjonen i krysset mellom fv. 60, Grebstadvegen og Ullavikvegen ikkje optimalt utforma. Med kort avstand til ferjekaia vil trafikken langs fv. 60 komme puljevis, og ved venstresving av fylkesvegen vil ein få stopp i trafikken dersom det venstresvingande køyretøyet får vikeplikt for motgåande trafikk. Tett inn i krysset er det også eit kryss mellom vegane Grebstadvegen og Fauskevegen. For å unngå tilbakeblokering er det etablert ein passeringslomme her. Den flyt saman med gang- og sykkelvegen, og er ei løysing som gir mjuke trafikantar eit uoversiktleg trafikkbilete å forhalda seg til ved kryssing. Sjølv om nedlegging av Ullavik skole har redusert trafikken i Grebstadvegen og over krysset med fv. 60, kan ein endra bruk av både det området og utbygging innanfor planområdet føre til at utfordringane som nemnt blir forverra. Vi ber om at dette blir vurdert nærare, og at eventuelle tiltak blir teke inn som rekkeføljekrav i reguleringsplanen.

Konklusjon

Vi viser til ovannemnde og har ikkje andre vesentlege merknader til planforslaget.

Transportforvaltning midt

Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE